
Saksnr: 2024/8148-4
Saksbehandlar Petter Lem Gullestad
Dato: 15.04.2024

Arbeidstidsavtale for undervisningsstillinger ved Fagskolen Vestland

1. Heimelsgrunnlag

Denne særavtalen er inngått med heimel i Hovudavtalen del A § 4-5 og sentral protokoll datert 25. august 2006.

Hovudtariffavtalen sine føresegner gjeld, med mindre noko anna er regulert i denne avtale.

2. Avtalen sitt omfang, ikrafttrede og varigheit

Avtalen regulerer arbeidstid for undervisningsstillingane ved Fagskolen Vestland.

Avtalen er gjeldande frå 01.08.2024 til 31.07.2025.

Avtalen skal årleg evaluerast innan 01.02.

Avtalen må seiast opp skriftleg med minst 6 månaders skriftleg varsel før utløpstid. Dersom avtalen ikkje er sagt opp av nokon av partane innan fristen sitt utløp, vert avtalen fornya for eitt (1) år om gangen med same gjensidige oppseiingsfrist.

3. Arbeidsåret

Arbeidsåret ved Fagskolen Vestland er 1687,5 timar.

4. Arbeidstid

4.1 Organisering av arbeidstida

Arbeidsplanfesta tid kan maksimalt vere 9 timar per dag og inntil 37,5 timer per veke.

Undervisningsaktivitet består av undervisning, rettleiing og sluttvurdering. Det skal komme fram av studieplanen for emnet/faget kor mykje undervisningsaktivitet som skal bli levert.

Rettleiing er strukturert oppfølging av studentane sitt læringsarbeid mellom undervisninga på gruppe- eller individnivå. Rettleiinga skal tilpassast slik at studentane kan gjere seg nytte av den. Omfang av rettleiing og sluttvurdering i kvart emne skal stå i studieplanane.

Responstid på studentane sine spørsmål i læringsarbeidet er normalt 24 timar i arbeidsveka.

280 timer vert sett av til planlagt møtetid og systematisk utviklingsarbeid knytt til fagskulen sin strategi. Utviklingsarbeidet skal vere oppgåvestyrt og det skal lagast ein plan for arbeidet. Kva den enkelte skal arbeide med blir ein avtale mellom rektor og den tilsette.

Resten av årsverket blir disponert av den enkelte lærar til for- og etterarbeid, studentretta arbeid, oppfølging av studentane sin læringsprosess, fagleg ajourføring både individuelt og i samarbeid med kollegaer i team, samarbeid i avdelingar, grupper eller liknande kontakt med samarbeidsinstansar/næringsliv.

4.2 Oversikt/plan

Fagskulen nyttar kjernetid frå 0900 – 1400 måndag til fredag. Hovudregelen er lærarane skal være fysisk tilstades på skulen i kjernetida dersom ikkje anna er avtalt.

Det skal bli laga ei oversikt på læraren sitt arbeid. Oversikten skal vise når undervisningstid og tid til rettleiing er lagt og regelmessige møter. Oversikten blir sett opp av rektor etter samtale med læraren. Læraren kan la seg støtte av sin tillitsvalde. Oversikten bør i utgangspunktet gjelde for minst eit halvår om gangen.

Start- og/eller sluttidspunkt for arbeidstida kan endrast med minst to vekers varsling, med mindre kortare frist er avtalt med tillitsvalde eller den enkelte lærar.

Dersom arbeidsgjevar vurderer det slik at delar av arbeidstid på fagskulen best kan nyttast på andre stader enn på fagskulen, kan dette avtalast særskilt med læraren.

Ei oversikt som viser eventuell over- eller undertid og oversikt/plan for arbeidstid på fagskulen skal vere klar ved semesterstart med mindre særlege høve påverkar arbeid med ressursplanlegginga.

Det skal som hovudregel ikkje planleggjast med overtid. Dersom det på eit seinare tidspunkt av ulike årsaker er naudsynt å arbeide meir enn ordinært årsverk, er dette å rekne som overtid. Dette skal være skriftleg pålagt av rektor og vert lagt inn i ny arbeidsplan. Overtid vert løna etter føresegnene om variabel løn.

4.3 Andre arbeidsoppgåver

Undervisningstida kan etter avtale mellom den enkelte lærar og rektor verte redusert for at læraren skal kunne utføre andre arbeidsoppgåver i tilknytning til undervisninga.

Får læraren andre arbeidsoppgåver som medfører reduksjon i undervisningstida, blir arbeidstid som disponerast av læraren utanfor arbeidstida på fagskulen redusert med den same prosentdel som undervisninga er redusert. Arbeidstid på fagskulen utvidast med det same tal timar som arbeidstida utanfor fagskulen er redusert med.

5. Ressursar

5.1 Undervisningsaktivitet

Ressursen definerer årsverk som skal leverast av undervisningsaktivitet etter gruppestorleik. Teljedato for gruppestorleik er 01.10 kvart år.

Tabell: Årsleveranse etter gruppestorleik per 60 studiepoeng

Gruppestorleik	Årsverk
1-14	Forhandlast på rektornivå*
15-24	1,8
25-34	1,9
Over 35	Forhandlast på rektornivå*

* Kjem ikkje lokale partar til semje, skal forhandlingane løftast til fylkesnivå. Kjem ikkje partane på fylkesnivå til semje, gjeld arbeidsgjevar sitt siste tilbod.

6. Livsfasetiltak

Lærarar i 100% stilling har rett til å få redusert undervisninga med inntil 10 % frå starten av skuleåret det første yrkesåret i undervisningsstilling.

Lærarar har rett til å få redusert undervisninga med inntil 6 % frå starten av skuleåret det kalenderåret dei fyller 57 år.

Lærarar har rett til å få redusert undervisninga med inntil 12,5 % frå starten av skuleåret det kalenderåret dei fyller 60 år.

7. Godtgjersle for funksjonar

Undervisningspersonale som vert tillagd midlertidige funksjonsoppgåver, får eit funksjonstillegg per år/månad så lenge den tilsette har slike oppgåver.

Slik godtgjersle kjem i tillegg til den tilsette si grunnløn.

Godtgjersle for funksjonar vert forhandla på fylkesnivå.

Særavtalen er godkjend av Norsk Lektorlag, NITO, Tekna, Utdanningsforbundet, Skolenes Landsforbund, Det norske maskinistforbund, Norsk Sykepleierforbund og Delta, og av representantar for Vestland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune

Hilde M. B. Withammer

Hilde M. B. Withammer (Apr 17, 2024 13:31 GMT+2)

HR-direktør

Bjørn Lyngedal

Bjørn Lyngedal (Apr 17, 2024 15:23 GMT+2)

Avdelingsdirektør opplæring og kompetanse

Fagforeining

Lena M. Søderholm

Lena M. Søderholm (Apr 16, 2024 15:19 GMT+2)

Tekna

Trond Vedvik

Trond Vedvik (Apr 16, 2024 21:39 GMT+2)

NITO

Rune Stadsnes

Rune Stadsnes (Apr 16, 2024 21:44 GMT+2)

Utdanningsforbundet

Eivind Johannessen

Eivind Johannessen (Apr 17, 2024 09:24 GMT+2)

Utdanningsforbundet

Lin Cathrin Brunborg Anthun

Lin Cathrin Brunborg Anthun (Apr 17, 2024 09:26 GMT+2)

Norsk Lektorlag



Skolenes Landsforbund



[Hege-Kristin Synnevåg \(Apr 17, 2024 09:29 GMT+2\)](#)

Norsk Sykepleierforbund



Det norske maskinistforbund